

HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Månedsbrev for desember 2015.

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr
Visepres: Eileen Brandal
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Øystein Alme
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Styremedlem: Hanne Rognan
Ansv.red.: Karin S. Holstad
Referent: Øystein Alme

Vintervise


Og nu har det sned ihele nat,
så nu er her hvitt over mark og knat,
og nu får vi føre i skov og på vei,
så kan vi få tømmeret kjørt ned fra hei,
den sagan er grei.

Du Ane du, -- tro hvor nu skindluen er?
og hvor har vi gjemt mine vinterklær?
og lovåtterne med en tommeltot på --
forleden dag de på loftsgulvet lå,
nu gjorde de så!

Og giv mig så endelig kaffespand med,
og stik nogle smørbrød i lommen ned.
Og hav så færdig lidt varmt til ikvæld.
Ajjøs da, farvel!

Hoja! Det såmæn nokså bra,
at komme sig lidegran hjemmefra.
Jeg tror det er reneste helsebod, når
det fryster så farligt, at rimfrosten står
i skjæg og i hår.

Ja det er så snodigt slig midtvinters da,
en blir så besynderilg sjælegla'.
Og solen skinner velsignet ned,
og dombjælden synger det bedste den ved,
og jeg synger med.



Vilhelm Krag

7.desember

Møtet denne kvelden vart leia av Past President, Øystein Alme då President Bernhard Harkjerr var opptatt i anna ærend. Øystein ynskte alle medlemmer/ kveldens foredragshaldar Tor Ove Nedrelid frå Total-Bbygg AS, vel møtt. Hans Gisle H. hadde etter avtale leita opp ein julesong som vi starta møtet med, då vi no var komme inn i adventstida.

Tor Ove fekk ordet der han starta med å seie han var stolt av å kunne få halde foredrag for Hareid Rotary og takka for invitasjonen.

Thor Ove tok oss først med på eit historisk tilbakeblikk, der han kunne fortelje at firmaet vart starta av bestefaren Knut Nedrelid i 1958, Jostein Nedrelid (far til Thor Ove) og Olav Sindre Pilskog overtok drifta i 1980.

Neste skifte kom i 2005 då Byggmester Kjell Alme med sitt firma vart medeigar i det som så vart kalla Total-Bbygg Hjørungavåg.

Thor Ove, saman med Jostein Nedrelid, tok så over drifta i 2007.

Under leing av Thor Ove endra forretningsmodellen seg frå byggelag til ein rein prosjektorganisasjon, der ein identifiserer, finansierer og kjøper opp aktuelle tomteområde.

Reguleringssaker, prosjektering av vegar, byggevarer- og saksprosessen vert utført av eksterne firma.

Thor Ove tek seg sjølv av nysal og oppgjer.

Aktive prosjekt no er mellom anna «Hofsetsvingane» med 45 bueiningar (19 i første byggesteg +26).

«Iverskogen» (Grimstadgeilane) vil verte neste prosjekt, der det er planlagt både einebustadar, einebustadar i rekkje og leiligheiter.

Den låge oljeprisen påverkar også bustadmarknaden, med pressa prisar og mindre marginar.

Dette vil krevje omstillingsbehov.

Øystein A. takka Thor Ove N. for eit innhaldsrikt og ærleg foredrag, takka for frammøte og vel heim til alle.

14.desember

Møtet denne kvelden var sett av til bedriftsbesøk, med oppmøtestad på Spenncon, Hjørungavåg.

Produksjonsleiar Jarl Sandnes tok imot oss i kantina der han viste ein powerpoint presentasjon som tok oss gjennom historia til Spenncon.

Avdelinga på Hjørungavåg er leiande i inntjening i konsernet.

Statistikken for HMS er god, eit skadefritt 2015 er tilbakelagt.

Etter avslutta presentasjon tok Jarl S. med seg klubben på ei detaljert, grundig og interessang omvisningsrunde i produksjonslokala.

Besøket vart avslutta med at President Bernhard Harkjerr overrekte blomster, takka for velkomsten vi fekk med ei god orientering om bedrifta.

21.desember

Møtet denne kvelden starta som vanleg med ein song; "Delig er Jordan" av B.S Ingemann, 1850 med ei gjendikting til nynorsk i 1900 av Gunnar Torgeirsson Rysstad.

Bernhard H. ønskte vel møtt og gav ordet til Kristian Myklebust som var invitert på julesamlinga for å prate om jula/ juleevangeliet til oss.

Etter nokre velvalde ord frå Kristian song vi for maten og serveringa av tradisjonell lutafisk med tilbehør tok til (môr til dei som ikkje et lutafisk).

Bernhard H. takka matkomiteen for ei godt måltid mat og ynskte alle God Jul og vel heim.